

**ÅRSMELDING
FOR
HJØRUNDFJORD
KYRKJELYD**



Årsmøte 15. mars 2026

ÅRSMELDING 2025

HJØRUNDFJORD SOKNERÅD

Hjørundfjord sokneråd var slik samansett i 2025:

Medlemer:

Gunnhild Hustadnes Myrhol - leiar
Anna Aklestad - nestleiar
Inger Olaus Øye Walseth - medlem
Ole Arne Aklestad – medlem
Audun Moe – medlem
Sølvi Myklebust – medlem
Espen Aarseth – sokneprest, medlem

Vara:

John Aage Solhaug - 1. vara
Øyvind Kriken Fylling – 2. vara
Sander Rem Haugen – 3. vara
Hallvard Aklestad Årseth – 4. vara
Matias Olai Opsal Ville – 5. vara

I Ørsta kyrkjelege fellesråd møter i 2025:

Medlemar er: Audun Moe og Ole Arne Aklestad.

Varamedlemar er: Gunnhild Hustadnes Myrhol og Inger Olaus Øye Walseth

MØTE

Soknerådet har i 2025 hatt 5 møter og har handsama 21 saker.

Mellom sakene som har vorte handsama er:

Gudstenesteliste med offer, økonomi/rekneskap, barnekoret/kyrkjemusikalsk arbeid, Barnefestivalen, årsmelding/årsmøte, "Kyrkja Vår"- digitalt styringsverktøy for kyrkjene, Bispevisitas 2026 og Påskerebus med post i kyrkja.

TILSETTE I KYRKJELYDEN

Sokneprest: Espen Aarseth

Kantorar: Marie Austrheim og John Inge Bjøringsøy

Kyrkjetenar: Flingai Foloboi

Diakonar: Betty Søvik

Kateket: Caroline Sefu

Medarbeidar i trusopplæringa: kyrkjelydsprest Kristan Myklebust

KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK 2025

Det var utført 10 dåpshandlingar (2022: 12, 2023: 6; 2024: 3) – av desse er 5 ikkje busett i soknet (2022: 6, 2023: 2; 2024: 2).

Det var 6 konfirmerte (2022: 5, 2023: 10; 2024: 4).

6 vigslar vart utført i soknet, der ingen var busette i soknet (2022: 5/0, 2023: 9/0; 2024:10/0) og ei vigslar var frå anna trussamfunn.

Det var 17 gravferder i soknet (2022: 15, 2023: 15; 2024: 11).

Oppsette hovudgudstenester på søn- og helgedagar var 25 (2022: 26, 2023:26; 2024: 26). Av totalt 25 oppsette gudstenester var det 3 familiegudstenester. Deltakartalet totalt var 1969 (2022: 1312, 2023: 1466; 2024: 1485) på

Soknet har også eit bunde fond til trusopplæring på kr 143.953,31 og eit bunde fond til lyd og bilete på kr 57.167,60.

Offer til eige arbeid: kr 28.088,00

Offer til andre: kr 36.768,00

Atterhald om at rekneskapen ikkje er revidert.

Revidert rekneskap vil bli lagt fram på kyrkjekontoret så snart den ligg føre.

Kyrkjeleg undervisning og læring 2025

I 2024 Vedtok kyrkjemøtet ny plan for undervisning og læring.

Sjølv om planen framleis er under bearbeidelse er den i 2025 allereie tatt i bruk som ein rammeplan. Med denne planen er omgrepet “Trusopplæring” endra til “Kyrkjeleg Undervisning og Læring (KUL)”. Den nye planen skal inspirere råd, tilsette og frivillige til vidare undervisningsarbeid i kyrkja. Kyrkjeleg undervisning skal motivere til kreativitet, aktiv deltaking i, samt medverking til kyrkja sine trus-praksisar, kultur og tradisjonar og økt kunnskap om bibelens tekstar. Kyrkja skal legge til rette for livslang og likeverdig deltaking i undervisning og læring om den treeinige Gud. Både minoriteter og personar med ulike funksjonsnedsetting skal oppleve å få like tilbod og bli møtt med verdig, ivarettatt og kunne ta del i kyrkjelivet på eigne premisser. Det skal vere eit samarbeid mellom kyrkja, heimen og andre relevante lokale aktørar. Alle desse elementene kan vere med på å gi eit menneske verktøy det kan bruke i livet i møte med Gud, andre menneske og skaparverket. Ikkje minst verktøy ein kan bruke til å meistre livet i møte med glede og sorg i livets kriser og oppbrott, anten aleine eller i fellesskap med andre.

I den nye planen er kyrkjeleg undervisning i første omgang oppdelt i fire rammer: 0-5år, 6-12år, Rammeplan for konfirmasjonstid og 13- 19år. Det kan seinare kome rammeplan for 20-30år.

Trusopplæringsverktøyet som vart før brukt til all rapportering av trusopplæringsarbeid vart fasa ut i 2025. Alt av arbeidet i KUL skal rapporterast i verktøyet “Kyrkja Vår” i lag med alt anna av kyrkjeleg arbeid. Frå 2025 er det fire tiltak som vert nøkkeltal i rapporteringa: 4årsbok, 6årsbok, Tårnagenthelg og Lys Vaken.

0-5år: I 2025 har Hjørundfjord sokn gitt tilbod om fleire tilbod til småbarnsfamilier med born i denne aldersgruppe. Det har vore konstant, god deltaking på dei fleste av desse tiltaka. Det vart forsøkt å gjennomføre Babysong for alle første gang i Hjørundfjord kyrkje. Tilbodet vart stoppa grunna lite deltaking.

10 Faddergåver vart delt ut. Fadder skal levere ut desse på 1, 2 og 3-års dåpsdag som eit kontinuerleg tiltak fram til bornet vert 3år.

4-årshelg med undretur og bokutdeling er framleis det mest populære tiltaket vi tilbyr. Ii 2025 tok 5 av 8 medlemar del i tiltaket.

“Kirkekerottekino” for 5 åringar vart ikkje gjennomført i 2025.



Bilete frå LysVaken frå tidlegare år. Her undervisning om kyrkja sine truspraksiser f.eks nattverd.

6- 12år:

Det har vore bokutdeling til 6-åringar i ei familiegudsteneste. Da kom 6 av 9 og tok imot aktivitetshæfte "Alle gode ting". Kyrkjeskule med for 7 åringer vart utsett til 2026. Tårnagenthelg med bu-heime leir for 8- og 9-åringar vart gjennomført annakvart år, neste gang vart i 2026. Det vart gudsteneste med utdeling av boka "Tidslinja" til 10-åringar, 7 av 10 medlemar møte opp. Lys Vaken for 11- og 12 åringer vart også gjennomført same helg. Aldersgruppa 6-12 synes å vere utfordrande. Fleire gongar har kyrkjelege opplegg måtte vike for store idrettsarrangement. Vi prøver å få til eit samarbeid for å unngå kollisjon.

Konfirmasjonstid:

I 2025 vart ikkje Avspark gjennomført i starten av konfirmantåret pga sjukdom blant staben. Konfirmantane har fått undervisningstimar i åtte ulike tema gjennom året. Dei tek og del i gudstenestelivet som klokkar og deltaking på sjølvvalde gudstenester. Konfirmantleir vart gjennomført i 2025 med 2 overnattingsdøgn på Sunnmøre Folkehøgskule, utført med hjelp av frivillige ungdoms- og vaksenleiarar og føresette som nattevakter. Konfirmantane i Hjørundfjord kyrkje tok del i sponsorløp og samla inn kr. ? til misjonsarbeidet i Nepal. Årets fasteaksjon i 2025 der konfirmantar gjekk frå dør til dør med bøsse og Vippshefter resulterte i kr. 11407. Konfirmasjonsgudstenesta vart gjennomført 27.4 for 6 av 7 medlemar .

13- 19år:

Dei siste åra har det vore litt vanskeleg å rekruttere nye ungdomsleiarar. Likevel er det fleire unge som har vore leiarar i fleire år som kjem tilbake og er medarbeidarar på leir. Dette er ei glede, og noko vi vil satse på vidare.



Barnehage- kyrkje samarbeid: Sæbø barnehagane var med på påskevandring/sansesamling før påske. Det vart også barnehagegudsteneste i kyrkja tidleg desember.

Skule- kyrkje- samarbeid:

Det vart skulegudsteneste med dramatisering om påske for barneskulane Sæbø og Åmås der 1.-4. klasse frå begge skule tok særskilt del i dramaturgien.

Adventsgudsteneste vart og gjennomført tidleg i desember for både barneskulen og ungdomsskulen. Gudstenesta er bygd på ein rullerande plan på sju år med kvar si tema. Årets tema var "Jesus kjem" når du minst ventar det. Difor lagde skuleborna juleroser som har pynta kyrkja

Vegen vidare:

Utifrå planen i "Kyrkja vår" synes det at soknerådet i Hjørundfjord kyrkje vil at vi

skal satse vidare på barn og unge, barnekoret og familiegudstenester som satsingsområde. Nasjonalt og frå Bispedømet er vi bedd om å satse på ungdomarbeid.

MINIBOKHANDEL

Minibokhandelen er plassert bakerst i kyrkja. Dette er eit trusopplæringstiltak for alle aldergrupper.

Dette er bøker som handlar om kristen tru, og vert kjøpt inn etter innspel og ynskjer. Det ligg ein giro i kvar bok som skal betalast når ein kjem heim. Systemet er basert på tillit, og det ser ut vil å fungere godt. Det er ikkje mange som har nytta seg av denne i 2025.

DIAKONI

Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. (Plan for diakoni i Den norske kyrkja, 2020) Diakonien er heile kyrkjelyden sitt ansvar, men Hjørundfjord sokneråd har eit særleg ansvar for det lokale diakoniarbeidet i soknet. Kyrkja har ei viktig samfunnsrolle med å ivareta menneske som kjem i ein vanskeleg situasjon og treng omsorg, trøyst og håp når alt synes å vere vondt og vanskeleg. Alt dette er forankra i det diakonale oppdraget med nestekjærleik, vern om skaparverket, inkluderande fellesskap og kamp for rettferd. Arbeidet krev kompetanse, god planlegging og effektivt samarbeid med andre samfunnsaktørar. All diakonal omsorg bygg på gjensidigheit, likeverd og respekt for andre sitt syn og levesett.

Diakonien bidreg særleg til den sosiale berekrafta i lokalsamfunnet. Arbeidet retar seg mot menneske som opplever utanforskap, einsamheit, eller sårbare livssituasjonar, og legg til rette for møteplassar, fellesskap og deltaking. Slik er diakonien med på å fremje berekraftsmål knytt til mindre ulikskap, god livskvalitet og inkluderande lokalsamfunn.

Fellesskap



Dei nemnde aktivitetane er opne for alle som vil, og som bur i Ørsta kommune og nærliggande område.

- **Føremiddagstreffa** i Ørsta vart starta opp igjen i 2024, i samarbeid med Ørsta Frikyrkje og Ørsta Indremisjon. Vi formidla at dette var ein open plass for alle som ønsker ein stad å møtast på dagtid i Ørsta, inkludert pensjonistar, uføre, arbeidsledige, heimeverande, foreldre i permisjon med små barn o.s.v. Vi har ein del spel, lego, og leiker tilgjengeleg for barn. Vi oppfordrar deltakarane å ha med handarbeid og vi lagar til små hobbypakker som dei kan kjøpe og lage ting av mens dei er der. Vi hadde tolv vellykka møter i 2025, med eit gjennomsnittleg frammøte på 20 personar per møte.
- **Internasjonalt Språkkafé** i Ørsta har blitt svært populært blant innvandrarar, men vi treng endå fleire nordmenn og andre som snakkar norsk. Formålet med språkkaféen er å tale norsk saman, hjelpe flyktningane med lekser dei får frå ordinær norsk opplæring, samt å gi dei hjelp med diverse praktiske gjeremål som utfylling av skjema, orientering om det norske samfunnet, korleis delta i ulike fritidsaktivitetar, osv.

I 2025 vart han arrangert kvart torsdag på kyrkjekontoret frå kl.18:00 til kl.20:00, med unntak av sommarferien samt nasjonal- og heilagdagar. Språkkaféen har hatt meir enn 53 registrerte deltakarar som har delteke på samlingane etter høve. Det gjennomsnittleg talet på deltakarar på samling, multiplisert med talet på veker språkkafeen har vore arrangert, gjev eit samla tal på om lag 940 deltakingar. Deltakargruppa har bestått av norske og utanlandske deltakarar, noko som er avgjerande for at innvandrarar skal få høve til å utvikle ferdigheiter i å forstå og bruke norsk språk.

- **Andre møteplassar i fellesskap**

Kafétreff på Alti og Svendsen garden. Rundt dei fem siste månader i 2025 var mindre grupper av eldre frå Ørsta, Hjørundfjord og Vartdal sokn invitert til kafétreff på Alti og på Fru Svendsen kunst og kultur kafé på fredag ein gang i månaden. Desse treffa har ikkje vore annonsert i avisa. Formålet har vore å kunne møtast til hyggeleg samvær på ein av kaféane i Ørsta og snakke saman. Det var ikkje så mange som deltok, ofte mindre enn sju eldre, men dei som kom hadde ei god stund saman.

- **Kransebinding**

I 2025 arrangerte Ørsta Kyrkjelege Fellesråd ei kransebindingsaktivitet som samla deltakarar rundt praktisk handarbeid, tradisjon og fellesskap. Kransebinding har ei lang kulturhistorisk forankring, der den ringforma kransen – utan byrjing og slutt – symboliserer det evige og liv som held fram.

Kransar har gjennom tidene hatt ei viktig rolle både ved gravferder og ved festlege høve, som uttrykk for minne, respekt, feiring og dekor. Aktiviteten gav deltakarane høve til å ta del i ein levande tradisjon og kulturarv som bind generasjonar saman og skaper eit konkret møte med historia.

Gjennom bruk av greiner, mose, kvistar og bær utvikla deltakarane både estetisk sans og praktiske handverksferdigheiter. I ein kvardag prega av masseproduksjon og høgt tempo, fungerte kransbindinga som ei roleg og meningsfull motvekt, med rom for kreativitet og samvær.

Bruk av lokale naturmateriale synleggjorde også ei miljømedviten tilnærming, der deltakarane fekk innsikt i berekraftig bruk av ressursar og heile prosessen frå høsting til ferdig produkt.

Samlinga skapte eit sosialt fellesskap rundt bordet, med rom for samtale, deling og glede. Aktiviteten bidrog til styrkt samhald og gav deltakarane høve til å bli betre kjende med kvarandre i ei uformell og inkluderande ramme.

Besøks- og omsorgsteneste

Frå hausten 2025 har institusjonsandaktene berre blitt haldne annan kvar veka (for å redusere arbeidsbyrda til prestane). Diakonen kombinerer ofte andaktene med besøkseneste, spesielt til dei som treng personleg besøk. Elles besøker diakonen regelmessig eldre som bur heime åleine.

Telefonsamtalar har blitt ein enkel og effektiv måte å komme i kontakt med folk på, og dette har eg brukt aktivt for å nå flest mogleg eldre i lokalsamfunnet vårt. Telefonen gir høve til å ta kontakt med nye personar, og oftare enn ved fysiske møte. Diakonen mottar gjerne tips om folk som kan ha nytte av ei telefonkontakt, eller eit fysisk besøk.

Etterlatne blei inviterte til helgemessegudsteneste i 2025 per e-post for å spare porto. Dette var andre gangen vi sendte invitasjonen per e-post det var mindre problem med å finne nesten alle e-post adresser, men eg måtte involvere Kyrkjedata, og Sekretæren på kontoret sidan ho åleine har administrasjonsrett til denne funksjonen i Kardinal. Det gjekk bra; berre til nokre få personar måtte vi sende invitasjonen med vanleg post.

Som medeigar i Kirkens SOS, Møre og Romsdal, er den diakonale, døgnopne telefontenesta, ein del av Ørsta kyrkjelyd sitt omsorgstilbod for dei som treng nokon å snakke med. Fleire frivillige trengst til telefon- og/eller chattevakter til kontora i Ålesund og Myrvåg.

Internasjonal diakoni og Misjon arbeid

- Hjørundfjord kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt er eit samarbeid med Himal Partner, og har mental helse som fokusområde, og kyrkjelyden har bunde seg til å gje 4 offer i året til prosjektet, og gjerne ha egne innsamlingar i tillegg. Kyrkjelyden må utfordrast til å kjøpe eller donere gevinstar til prosjekts aktiviteten.
- Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp: Det var dør til dør-aksjon i Hjørundfjord, Vartdal og Ørsta, i 2025.
- Det er også innvandrarar som søker hjelp av diakonen til diverse praktiske problem, inkludert hjelp med å finne bustad.

Diakonane si deltaking i barn og ungdomsarbeida

- I arbeidet med barn og ungdomar har diakonane spesielt peika på den viktige rolla kyrkja vår har i samfunnet når det gjeld å ta vare på naturen og miljøet og våre medmenneske.

Søndagstankar

- I turnus med prestane skriv diakonen søndagstankar i Møre Nytt kvar fjerde fredag. Mange lesarar av Møre Nytt har gitt gode tilbakemeldingar noko som tyder på at søndagstankane vert lest og sett pris på.

Grøn kyrkjelyd og Berekraftsmålar

Hjørundfjord kyrkjelyd har sidan 2017 vore Grøn kyrkjelyd, med felles handlingsplan; saman med Vartdal kyrkjelyd og Ørsta kyrkjelyd, Grøn kyrkjelyd tar eit tydeleg ansvar for skaparverket, medmennesket og framtida. Arbeidet er forankra i kristent forvaltaransvar og i FN sine berekraftsmål.

Gjennom gudstenesteliv, undervisning og praktiske tiltak arbeider kyrkjelyden for meir miljøvenlege val, ansvarleg forbruk og redusert ressursbruk. Samstundes vert berekraft forstått i ein brie samanheng, der sosial rettferd, inkluderande og fellesskap er sentrale verdiar.

Diakonien har ei viktig rolle i berekraftsarbeidet ved å bidra til sosial berekraft i lokalsamfunnet. Møteplassar, fellesskap og omsorg for menneske i sårbare livssituasjonar er konkrete uttrykk for dette arbeidet, i tråd med berekraftsmål om mindre ulikskap og verdige livsvilkår.

Diakonien fortsette å utforda kyrkjelyd til å tenke grundig på følgande spørsmåla: Korleis kan diakonien støtte arbeidet med å oppnå meir berekraftsmåla i vår kyrkjelyd? Korleis kan vi saman oppretthalde det lokale og det globale engasjementet? Prioriterer vi «riktig» i den lokale diakonien? Ser vi etter dei mest marginaliserte og sårbare i vårt samfunn? Ser vi på alle menneskjer som ein ressurs?

Takk til alle som har vore med å bære fram diakonien gjennom dette året! Lat oss ta diakonien med i alt arbeid i kyrkja, som ei grunnleggjande haldning og ein måte å leve på, som formar kyrkjelyden, i bøn og i arbeid.

Betty A. Ndea Søvik, diakon

MISJON

Kyrkjelyden har misjonsavtale med HimalPartner, som er ein organisasjon som støttar næringsliv, oppbygging av skular og helsetilbod i Nepal og Himalaya-regionen. Fokuset til Hjørundfjord kyrkjelyd er Mental Helse, og kyrkjelyden har bunde seg til å gje 4 offer i året til prosjektet, og gjerne ha eigne innsamlingar i tillegg.

BARNEFESTIVALEN

Barnefestivalen vart arrangert 1. juni med 3 barnekor: Glød, Mini-glød og Hjørundfjord barnekor. Over 200 deltok på konsert-gudsteneste og misjons-tivoli etterpå. Det vart samla inn til Himal Partner på arrangementet.

PRESTETENESTA.

Alle prestar er tilsette som sokneprestar i Søre-Sunnmøre prosti, med særskilt ansvar for kvar sine sokn.

Espen Aarseth frå september 2024 sokneprest i både Hjørundfjord og Vartdal sokn og Arne Moltubak er sokneprest i Ørsta. Kristian Myklebust er kyrkjelydsprest med særskilt ansvar for familie

Ved gravferd og vigsel har Espen Aarseth og Arne Moltubak annan kvar tenesteveke med gravferd og vigsel.

GUDSTENESTELIVET.

Det er gudsteneste ca 3. kvar helg i snitt i Hjørundfjord og Vartdal sokn. Ved høgtider og andre merkedagar er det litt oftare. Vi prøver å ha dei fleste gudsteneste kl 11.00 då det er best med tanke på oppmøte og høve til dåp.

Konfirmantane tek aktivt del i gudstenestelivet som medhjelparar. Konfirmantforeldre lagar kyrkjekaffi, og vi har på denne måten kyrkjekaffi bakerst i kyrkja på nesten kvar gudsteneste i konfirmant-året.

FRILUFTSGUDSTENESTE

Den 7.september vart det arrangert friluftsgudsteneste og kulturvandring på Risestøyla i samarbeid med Hjørundfjord kulturvernlag. Rundt 30 stk deltok på dette arrangementet.

OPA KYRKJE

Inger Øye Walseth tok på seg å arrangere/administrere «Opa kyrkje», tysdagar og fredagar sommaren 2025, i samarbeid med frivillige.

KYRKJEMUSIKK

Kyrkjemusikarar 2024

Marie Austrheim Riise, kantor i 100% stilling.

John Inge Leira Bjøringsøy, organist i 60 % stilling (Delvis i permisjon)

Når mennesket spelar, syng og leikar, lyttar det til lyden

frå skaparverket, gir denne lyden form og tek på den

måten imot Guds gåver. Slik blir vi Guds medskaparar.

Kyrkja forstår difor all kunst og kreativitet som ein del av forvaltaroppdraget.

Når vi utfaldar oss musikalsk, er det både til ære for Gud og til gagn og glede for kvarandre. Alt Gud har skapt, vitnar om hans stordom og herlegdom. Det lét oss ane at Gud finst.

Gudstenester

Den kristne kyrkja er ei syngjande kyrkje! Når vi utfaldar oss musikalsk, er det både til ære for Gud og til gagn og glede for kvarandre. Gjennom gudstenestene får vi løfte opp vår song, lovprise Gud og uttrykke og formidle vår kristne tru i eit fellesskap.

I Hjørundfjord sokn tek kyrkjemusikarane del i både planlegging av gudstenester og i arbeidet med å hente inn lokale musikkrefter, i samarbeid med prestar, trusopplærarar og andre tilsette.

Gudstenestereforma legg betydeleg vekt på involvering av frivillige i gudstenestene. Det er svært flott og viktig å utfordre kor, musikarar og solistar til å ta del i gudstenestene, noko vi også gjer i Hjørundfjord sokn. Nokre gudstenester utmerkar seg som særskild viktige å hente inn ek

Korverksemd: Det er svært gledeleg med barnekor i Hjørundfjord sokn. Det er utruleg kjekt at det no er etablert eit foreldrestyrt barnekor som gjer eit fantastisk arbeid. Koret er rett og slett ein kjempesuksess og omlag 20 born er med! Koret har vore med på nokre familiegudstenester i halvåret, samt på konserten «Vi syng og spelar jula inn». Det er svært viktig å ha eit barnekor i soknet og koret har stor betydning for born og familiar på Sæbø og for gudstenesteliv og kyrkjelyden i Hjørundfjord sokn, då særskilt ved familiegudstenester og høgtider. Dette korarbeidet bør ein verkeleg satse på framover! Vi vil rette ein stor takk til frivillege og foreldre som har tatt på seg leiaransvar og som legg ned mykje tid i dette arbeidet. De gjer ein flott og svært viktig jobb. Tusen takk! Leiargruppe Hjørundfjord barnekor: Emilie Skår Ville (dirigent), Linn Johanne Berg (dirigent), Regine Aklestad, Anette Dagfinrund, Espen Aarseth.

Hjørundfjord barnefestival:

Det vart ein svært vellukka barnefestival og konsertgudsteneste 01.06.2025. Hjørundfjord barnekor, PopKORn og Barnekora GLØD og MiniGLØD tok del. Det var svært mykje folk på denne gudstenesta, noko som var svært flott. Takk til Rune Mo som laga til og styrte lyd denne dagen. Det kom svært gode tilbakemeldingar om arrangementet, både inne og ute, i etterkant av festivalen.

Vi syng og spelar jula inn

13. desember var det duka for den tradisjonsrike konsert «Vi syng og spelar jula inn» i Hjørundfjord kyrkje. Det er svært gledeleg at mange lokale grupper og songarar melder seg på konserten. Desse tok del: Sæbø skulekorps/Generasjonskorpset, Mariell D. Moe, Ingrid A. Aarseth, Andakt v/spr. Arne Moltubak, Hjørundfjord barnekor og Hjørundfjord mannskor. Det vart tatt opp kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid i Hjørundfjord sokn. Det var svært godt oppmøte blant publikum og det vart ein flott førjulskonsert! Takk til alle som tok del.

Deltaking på gudstenester, konsertar o.l i 2025:

Vi vil rette ei stor takk til alle musikarar, songarar og kor/grupper/korps som har teke del på gudstenester, konsertar og liknande arrangement i Hjørundfjord sokn i 2025. Vi set svært stor pris på at de deltek og vi ynskjer å rette ei stor takk til dykk. De gjer alle ein svært viktig jobb og det er utruleg kjekt å ha dykk med på laget.

Marie Austrheim Riise
Kantor i Hjørundfjord kyrkje,
06.03 2026.

Soknerådet vil få takke alle frivillige og alle tilsette for det arbeidet dei gjer.

TUSEN TAKK FOR INNSATSEN I 2025!